



Arkivnr: 2015/11453-94
Saksbehandlar: Adeline Berntsen Landro

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Hordaland fagskulestyre		14.09.2017

Avtale om felles klagenemnd med Høgskulen på Vestlandet, yrkesdykkarutdanninga

Samandrag

Styret har i møte 16.02.2017 (sak PS 4/2017) gjeve administrasjonen ved Opplæringsavdelinga løyve til å utarbeide ein avtale med Høgskulen på Vestlandet (HVL) om felles klagenemnd for Yrkesdykkarutdanninga ved HVL og Fagskolane i Hordaland. Styret for HVL har også vedteke at det er ønskeleg med ein avtale om felles klagenemnd. På bakgrunn av dette har administrasjonen ved Opplæringsavdelinga saman med HVL utarbeidd eit forslag til avtale, felles instruks og samansetjing av klagenemnd for skuleåret 2017/18.

Forslag til vedtak

1. Styret støttar avtale om felles klagenemnd for Fagskolane i Hordaland og Yrkesdykkarutdanninga ved Høgskulen på Vestlandet.
2. Styret vedtek felles instruks for klagenemnd for Fagskolane i Hordaland og Yrkesdykkarutdanninga ved Høgskulen på Vestlandet.
3. Styret vedtek samansetjinga av klagenemnda slik det kjem fram av saka.

Svein Leidulf Heggheim
fylkesdirektør opplæring
ansvarleg for saksførebuing til fagskulestyret

Linda Farestveit
seksjonsleiar skule

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg:

1. Instruks for klagenemnda
2. Medlemmer i klagenemnda 2017/18
3. Medlemmer til felles klagenemnd for fagskoleutdanning
4. Avtale om felles klagenemnd

Fylkesrådmannen, 23.08.2017

Styret har i møte 16.02.2017 (sak PS 4/2017) gjeve administrasjonen ved Opplæringsavdelinga løyve til å utarbeide ein avtale med Høgskulen på Vestlandet (HVL) om felles klagenemnd for Yrkesdykkarutdanninga ved HVL og Fagskolane i Hordaland. Styret for HVL har også vedteke at det er ønskjeleg med ein avtale om felles klagenemnd. På bakgrunn av dette har administrasjonen ved Opplæringsavdelinga saman med HVL utarbeidd eit forslag til avtale, felles instruks og samansetjing av klagenemnd for skuleåret 2017/18.

Det er ein stor føremon for HVL og Fagskolane i Hordaland at klagenemnda kan verte sett saman av medlemmer frå begge utdanningsinstitusjonane slik at ein i mindre grad risikerer at medlemmer er ugilde i einskildsaker. Dersom eit medlem er ugild, er det no enklare å finne erstattar blant varamedlemmene.

Felles instruks er i hovudsak lik tidlegare instruks for fagskulane si klagenemnd, men er no regulert slik at den omfattar begge utdanningsinstitusjonane (vedlegg 1).

Klagenemnda er som det kjem fram av vedlegg 2, sett saman av tilsette og studentar frå både HVL ved Yrkesdykkarutdanninga og Fagskolane i Hordaland. Leiar og vara for leiar er dei same medlemmene som før, og oppfyller krava i fagskulelova om juridisk kompetanse.

Avtalen mellom HVL og Hordaland fylkeskommune regulerer kostnader for sakshandsaming og klagehandsaming og korleis sakshandsaminga vert organisert. Det vil vere Hordaland fylkeskommune som er ansvarleg for sakshandsaminga og administreringa av klagenemnda (vedlegg 3).